



## Fitjar kommune

### Møteinnkalling

**Utval:** Formannskapet  
**Møtestad:** Kommunestyresalen, Fitjar rådhus  
**Dato:** 19.12.2018  
**Tid:** 10:00

Grungjeve forfall vert å melda til kundetorget på tlf 53 45 85 00, som syt for innkalling av varamedlemar.

Varamedlemar møter kun etter særskild innkalling.

#### Innkalling er sendt til:

**Namn**

Wenche Tislevoll  
Agnar Aarskog  
Arne Prestbø  
Sigurd Andre Maraas  
Dagfinn Brekke

**Funksjon**

Ordførar  
Varaordførar  
Medlem  
Medlem  
Medlem

**Representerer**

H  
AP  
H  
FRP  
KRF

**Varamedlemar**

Vigdis Røen Leirvik  
Terje Træet  
Grete Marit Veka Maraas  
Harald Rydland

**Funksjon**

Varamedlem  
Varamedlem  
Varamedlem  
Varamedlem

**Representerer**

AP  
H  
SP  
KRF

Wenche Tislevoll  
Ordførar

Bente Fitjar  
møtesekretær

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og sendt utan signatur.*

<b>Saksnr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Lukket</b>
PS 91/18	Nytt kunstgrasdekke på Fitjar idrettsplass/kunstgrasbanen	
PS 92/18	Eigedomsavgift feiing og tilsyn av fyringsanlegg 2019	

I starten av møtet vil Norconsult AS orientere om planarbeidet i Årskog industriområde.



## **SAKSFRAMLEGG**

### **Nytt kunstgrasdekke på Fitjar idrettsplass/kunstgrasbanen**

<b>Utval sak</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
<b>91/18</b>	<b>Formannskapet</b>	<b>19.12.2018</b>
	<b>Kommunestyret</b>	<b>19.12.2018</b>

**Vedlegg:** Behovsvurdering utarbeida av Fitjar idrettslag  
Kostnadsoverslag frå Unisport as

#### **Bakgrunn for saka**

Fitjar idrettslag har komme med innspel om at det er behov for vurdere å legge nytt kunstgras på kunstgrasbanen, då den er svært i dårleg stand. Ein får tilbakemeldingar på belastningsskader som fylgje av manglande støtdemping på bana. Dekke på kunstgrasbaner har ei normal levetid på 10-15 år. Alt etter intensitet på bruk og vedlikehald av bana. Kunstgrasbana i Fitjar er no inne i det 12. året. Fitjar kommune er eigar av bana, og Fitjar idrettslag har vedlikehaldet av bana etter avtale med Fitjar kommune. For kunstgrasbaner er det rekna årskostnad for vedlikehald på om lag 100.000,- der utgifter til garderobebygg og belysning ikkje er medrekna  
Fakta om kunstgrasbana i Fitjar :

- Bana vert nytta av over 300 spelarar regelmessig.
- Tidsrom for bruk : Kl. 16-22/23 kvardager, heile året - samt helger til kamp m.m
- Aldersklasse: 7 år og heilt opp til A-laget og dei eldre.
- Kunstgrasbanen vart etablert i 2006.
- Dei siste åra har trenarar, og tillitsvalgte i idrettslaget fått tilbakemeldingar frå spelarar på belastningsskader som fylgje av aktivitetar på banen, Dette er vidare formidla munteleg til Fitjar kommune som baneigar.

#### **Vurdering**

Kunstgrasbanen på Fitjar er den mest brukte idrettsarenaen på Fitjar med ei brukstid på mellom 1300-1600 timer i året. Dette talet kan eigentleg setjast mykje høgare då det på ein brukstime kan reknast at det er opp til 3-4 fotballag som spelar/trener samtidig på bana.

I tillegg til trening og kamp, er bana arena for fotballskule kvar sommar, og årleg gjennomføring av bygdelagsturneringa «vintercupen»

Kunstgrasbana er på mange måtar og ein sosial arena, noko idrettslaget har ynskje om å vidareutvikla.

Då kunstgrasbana vart etablert vart det ikkje nytta støtdempande pad under kunstgrasmatta, og det var føresett at støtabsorbering i bana skulle ivaretaast kun av gummigranulaten.

Ei noko dyrare, men betre løysing med omsyn på støtabsorbasjon, er der ein har ein støtdembande pad under grasmatta i tillegg til sandfylling og gummigranulat i kunstgrasmatta. Denne dempinga er viktig for å unngå belastningsskader.

Dersom ein vel å gå til innkjøp av nytt kunstgras er det viktig at ein legg vekt på god demping, og her går tilrådingane frå kulturdepartementet sin veiledar «kunstgrasboka» på å leggja inn pad under kunstgrasdekket. Eit slikt alternativ medfører mindre mengder gummigranulat i bana.

Det har i seinare år vore fokus på at gummigranulaten, som inneheld plast, vert spreidd ut av banane, og at gummigranulaten ikkje er biologisk nedbryteleg. Det er ulike løysingar som er under utprøving, men så langt ser ein ikkje fullgode erstatningar for gummigranulat.

Ut frå dette har Miljøverndirektoratetutarbeida forslag til ny forskrift ( Nytt kapittel 23A i forurensingsforskrifta) for å motverka spreiding av gummigranulat, tiltaka går på barriere rundt kunstgrasbanar, løysing for handtering av drensvatn, deponering av snø etter vintervedlikehald innan bane området, haldningsendringar mv. Dette vil ha ein økonomisk konsekvens .

Dette er innhenta prisoverslag frå Scanturf, og Unisport as, på pris på ulike typar kunstgrasdekke, inkludert pris for å fjerne eksisterande dekke som krev spesialisert handsaming. Det er innhenta 4 ulike tilbod, men det har ikkje vore gjennomført ei Offentleg anskaffing enda. Prisane er anslag, og følgjer vedlagt denne saka. Prisane varierer mellom 1.4 mill – 3.5 mill kr.

Den typen kunstgrasdekke med pad som administrasjonen tilrår har eit slikt tentativt kostnadsbilete:

Kostnader (eks. mva)

Kunstgrasdekke m/pad inkl. deponering av gammel matte*	kr.	2.370.000,-
Tiltak for å motverke spreiding av gummigranulat, samt finavretting av underlag	RS	kr. 200.000,-
5% Administrasjon		kr. 128.500,-
7% Uføresett		kr. 179.900,-
Sum		kr. 2.878.400,-

(\*Deponering av gammel matte er her rekna til kr 382.600)

Finansiering

Spelemidler (1/3 av kostnad inkl mva* )	kr.	959.467,-
Dugnad	kr.	50.000,-
Eigenandel Fitjar kommune	kr.	1.868.933,-

(\*Spelemiddelandel vert rekna utfrå totalkostnad inkl mva)

Sjølv om Fitjar kommune er eigar av bana, anmodar vi Fitjar idrettslag om å søkja tilskot til anlegget frå eksterne finansieringskjelder som frivillige lag- og organisasjonar har tilgang til å søkja om midlar hos. Gjennom eit slikt spleiselag styrkar ein mogelegheita for å realisere skifte av kunstgrasdekke.

Dersom skifte av dekke på kunstgrasbana vert innarbeida i økonomiplanen, er det sansynleg at Fitjar kommune må ta på seg forskottering av spelemidler til anlegget. Dette pga av tidsaspektet ved tildeling av spelemidler frå Hordaland fylkeskommune. Fitjar kommune har i lengre tid forskottert spelemidler til ulike idretts- og nærmiljøanlegg.

Fitjar kommune er i ein svært krevjande økonomisk situasjon, og investering i nytt dekke på kunstgrasbana er ikkje foreslått lagt inn rådmannen sitt framlegget til budsjett 2019, eller økonomiplan 2019-2022. Tiltaket var heller ikkje frå administrasjonen innarbeida i rulleringa av spelemiddelanlegg, men vart der prioritert av formannskapet i møte 05.12.18. Dersom anlegget vert foreslått innarbeida i budsjett 2019 eller økonomiplanen , må ein gjennom den politiske handsaminga visa inndekning for denne investeringa. Rådmannen legg fram denne saka utan tilråding.

### **Framlegg til vedtak:**

Rådmannen legg fram saka utan tilråding

Olaug Haugen  
Rådmann

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

# Behovsanalyse

## Fitjar Kunstgressbane

---

Fitjar Kunstgressbane er pr i dag flere år over sin levetid som er 10 år. Dette merkes godt på banen og dens spillere. Slik som det er i dag fører dette til belastningsskader på alt fra ben og oppover for både eldre og yngre spillere helt ned i 6-8 årsalderen.

Kunstgressbanen er den desidert mest brukte arenaen på Fitjar med en brukstid på mellom 13-1600 timer i året. Dette tallet kan egentlig settes mye høyere da det på en brukstime kan regnes at det ofte er opp til 3-4 fotballag som spiller samtidig på banen.

Det kan også nevnes at kunstgresset i den tid ikke ble lagt med en pad, noe som er nødvendig for dagens standard. Baner uten pad fører til at demping er betraktelig redusert eller ikke til stede, noe som går særs utover banen og spesielt spillerne.

Det vil være kritisk i tiden fremover at det kommer på plass en ny bane som kan dekke dagens behov og kriterier, spesielt mtp brukstid og verdien fotball og idrett har her i Fitjar. I verste tilfelle kan man risikere at banen ikke kan nyttes lengre, og med det forsvinner den største idrettsarenaen vi har på Fitjar.

### **Konkret info:**

- Banen benyttes av over 300 spillere regelmessig
- Brukstid: 16-22/23 hverdager, hele året - samt helger til kamp m.m
- Aldersklasse: 7 år og helt opp til A-laget og de eldre.
- Banen er 12/13 år.
- Pr i dag er banen nærmest helsefarlig for brukere.

KUNSTGRESS	Mengde	Enhet	Pris	Sum	Mva	Totalt	Dugnad	Totalt
<b>On Board AS</b>								
Levering av dekke, Revolution PS3600 kunstgress. ink. *soccerforam 10/50 samt legging av kunstgress	10200	M2	349	3 559 800	889 950	4 449 750		4 449 750
Tape for skjøting	1400	stk	18	25 200	6 300	31 500		31 500
Hvitt linje 10cm / 26mm	80	stk	255	20 400	5 100	25 500		25 500
Quart sand 0,1-1,2mm	82000	kg	3	246 000	61 500	307 500		307 500
Frakt	INKL							
<b>Summering</b>				<b>3 851 400</b>	<b>962 850</b>	<b>4 814 250</b>		<b>4 814 250</b>
<b>Snittpris pr. kvm</b>				<b>378</b>		<b>472</b>		
Felttest av kunstgress	1	RS	25 000	25 000	6 250	31 250		31 250

KUNSTGRESS	Mengde	Enhet	Pris	Sum	Mva	Totalt	Dugnad	Totalt	Pris på 10.200m2
<b>Unisport AS</b>									
Levering av dekke, Unisport Stengrass 50mm Polyetylen med SBR gummigranulat 1-2,8mm. Uten Pad	8320	M2	180	1 497 600	374 400	1 872 000		1 872 000	2 295 000
Rigg- og driftskostnader	1	stk	20 000	20 000	5 000	25 000		25 000	
Børsteslodd m/harv og	1	stk	34 000	34 000	8 500	42 500		42 500	
Frakt	INKL								
<b>Summering</b>				<b>1 551 600</b>	<b>387 900</b>	<b>1 939 500</b>		<b>1 939 500</b>	
Felttest av kunstgress	1	RS	20 000	20 000	5 000	25 000		25 000	
Cornerflag komplett med fundament og stenger	4	RS	1 500	6 000	1 500	7 500		7 500	
Deponering av gammel matte	1	RS	382 600	382 600	95 650	478 250		478 250	

Oppmerking omfatter hovedbanen (ikke punktmerking av mindre baner).

KUNSTGRESS	Mengde	Enhet	Pris	Sum	Mva	Totalt	Dugnad	Totalt	Pris på 10.200m2
<b>Unisport AS</b>									
Levering av dekke, Unisport Sallex Drop 4008 med pad, sand og gummiinnfyll - 40mm Polyetylen med SBR gummigranulat 1-2,8mm. Pad : PRF 12 - 12mm	8320	M2	255	2 121 600	530 400	2 652 000		2 652 000	3 251 250
Rigg- og driftskostnader	1	stk	20 000	20 000	5 000	25 000		25 000	
Børsteslodd m/harv og	1	stk	34 000	34 000	8 500	42 500		42 500	
Frakt	INKL								
<b>Summering</b>				<b>2 175 600</b>	<b>543 900</b>	<b>2 719 500</b>		<b>2 719 500</b>	
Felttest av kunstgress	1	RS	20 000	20 000	5 000	25 000		25 000	
Cornerflag komplett med fundament og stenger	4	RS	1 500	6 000	1 500	7 500		7 500	
Deponering av gammel matte	1	RS	382 600	382 600	95 650	478 250		478 250	

Oppmerking omfatter hovedbanen (ikke punktmerking av mindre baner).

KUNSTGRESS	Mengde	Enhet	Pris	Sum	Mva	Totalt	Dugnad	Totalt	Pris på 10.200m2
<b>Unisport AS</b>									
Levering av dekke, Unisport MTRX Legacy 40mm med pad, sand og BioFill - 40mm Polyetylen med BioFill 1,6-2,5mm. Pad : PRF 12 - 12mm	8320	M2	460	3 827 200	956 800	4 784 000		4 784 000	5 865 000
Rigg- og driftskostnader	1	stk	20 000	20 000	5 000	25 000		25 000	
Børsteslodd m/harv og	1	stk	34 000	34 000	8 500	42 500		42 500	
Frakt	INKL								
<b>Summering</b>				<b>3 881 200</b>	<b>970 300</b>	<b>4 851 500</b>		<b>4 851 500</b>	
Felttest av kunstgress	1	RS	20 000	20 000	5 000	25 000		25 000	
Cornerflag komplett med fundament og stenger	4	RS	1 500	6 000	1 500	7 500		7 500	
Deponering av gammel matte	1	RS	382 600	382 600	95 650	478 250		478 250	

Oppmerking omfatter hovedbanen (ikke punktmerking av mindre baner).

KUNSTGRESS	Mengde	Enhet	Pris	Sum	Mva	Totalt	Dugnad	Totalt
<b>Scanturf - XXXXXX AS</b>								
Levering av dekke, Revolution PS3600 kunstgress. ink. *soccerforam 10/50 samt legging av kunstgress	10200	M2	349	3 559 800	889 950	4 449 750		4 449 750
Tape for skjøting	1400	stk	18	25 200	6 300	31 500		31 500
Hvitt linje 10cm / 26mm	80	stk	255	20 400	5 100	25 500		25 500
Quart sand 0,1-1,2mm	82000	kg	3	246 000	61 500	307 500		307 500
Frakt	INKL							
<b>Summering</b>				<b>3 851 400</b>	<b>962 850</b>	<b>4 814 250</b>		<b>4 814 250</b>
Felttest av kunstgress	1	RS	25 000	25 000	6 250	31 250		31 250

**Kostnadsoverslag Fitjar IL kunstgress m/lysanlegg**

Post	Spillemiddelberettigede kostnader	Mengde	Enhet	Pris	Sum	Mva	Totalt	Dugnad	Totalt
	<b>GRUNNARBEIDER - BANE</b>								
	Avtak og bortkjøring av torv og vekstjord t=25cm	7 960	M2	20	159 200	39 800	199 000		199 000
	Graving, opplasting og bortkjøring av løsmasser	200	M3	80	16 000	4 000	20 000		20 000
	Samledren rundt hele banen	360		320	115 200	28 800	144 000		144 000
	Overvannskommer betong Ø650	6		12 000	72 000	18 000	90 000		90 000
	Overvannsledning komplett	270		560	151 200	37 800	189 000		189 000
	Fiberduk kl. 2 på traubunn	7 960	M2	10	79 600	19 900	99 500		99 500
	Planering og avretting av traubunn	7 960		10	79 600	19 900	99 500		99 500
	Isolasjon løs leca t=25cm	7 960	M2	110	835 600	208 900	1 044 500	40 000	1 084 500
	Fiberduk kl. 2 over løs leca	7 960	M2	10	79 600	19 900	99 500		99 500
	Bærelag fraksjon 4-63mm som forkiles t=20cm	7 960	M2	60	477 600	119 400	597 000		597 000
	Finavretting 2-3cm fraksjon 0-8mm	7 960	M2	22	175 120	43 780	218 900		218 900
	Legging av asfalt, bredde 2m	790	M2	140	110 600	27 650	138 250		138 250
	Renskjøring av asfaltkant	344	LM	50	17 200	4 300	21 500		21 500
	Flettverksgerde H=1,0m, rundt deler av banen	110	LM	420	46 200	11 550	57 750		57 750
	Kjøreport bredde 4,0m	1	stk	16 000	16 000	4 000	20 000		20 000
	Ballnett på begge kortsider H=6,0m	80	LM	2 000	160 000	40 000	200 000		200 000
<b>1</b>	<b>SUM Grunnarbeider</b>				<b>2 590 720</b>	<b>647 680</b>	<b>3 238 400</b>	<b>40 000</b>	<b>3 278 400</b>
	<b>LYSANLEGG</b>								
	Grøft for strømtilførsel	50	LM	300	15 000	3 750	18 750		18 750
	Kabelgrøfter inkl.trekkerør mellom lysmaster	220	LM	380	83 600	20 900	104 500		104 500
	Fundamenter for lysmaster	6	stk	30 000	180 000	45 000	225 000		225 000
	Komplett lysanlegg 200 lux, inkl trafo 400V	1	RS	560 000	560 000	140 000	700 000		700 000
<b>2</b>	<b>SUM Lysanlegg</b>				<b>838 600</b>	<b>209 650</b>	<b>1 048 250</b>		<b>0 1 048 250</b>
	<b>KUNSTGRESS</b>								
	Levering og legging av kunstgress	6 996	M2	220	1 539 120	384 780	1 923 900		1 923 900
	Felttest av kunstgress	1	RS	25 000	25 000	6 250	31 250		31 250
<b>3</b>	<b>SUM Kunstgress</b>				<b>1 564 120</b>	<b>391 030</b>	<b>1 955 150</b>		<b>0 1 955 150</b>
<b>4</b>	<b>Uforutsett ca 5%</b>	<b>1</b>	<b>RS</b>	<b>266 560</b>	<b>266 560</b>	<b>66 640</b>	<b>333 200</b>		<b>333 200</b>
<b>5</b>	<b>Rigg og drift av byggeplass ca 6%</b>	<b>1</b>		<b>320 000</b>	<b>320 000</b>	<b>80 000</b>	<b>400 000</b>		<b>400 000</b>
<b>6</b>	<b>Adm og byggeledelse ca 4%</b>	<b>1</b>		<b>210 000</b>	<b>210 000</b>	<b>52 500</b>	<b>262 500</b>		<b>262 500</b>
	<b>SUM KUNSTGRESSBANE MED LYSANLEGG</b>				<b>5 790 000</b>	<b>1 447 500</b>	<b>7 237 500</b>	<b>40 000</b>	<b>7 277 500</b>
<b>Post</b>	<b>Ikke berettigede kostnader</b>	<b>Mengde</b>	<b>Enhet</b>	<b>Pris</b>	<b>Sum</b>	<b>Mva</b>	<b>Totalt</b>	<b>Dugnad</b>	<b>Totalt</b>
	<b>BANERØR FOR UNDERVARME</b>								
	Trykkledning av PE-rør	35 000	LM	13	455 000	113 750	568 750		568 750
	Omfilling/overdekning av banerør	7 000	M2	35	245 000	61 250	306 250		306 250
	Komplett ledningsgrøft d=1,0m	66	LM	360	23 760	5 940	29 700		29 700
	Komplett ledningsgrøft, tor- og retur	15	LM	400	6 000	1 500	7 500		7 500
	Trykkledning fordelings- og samlerør	132	LM	640	84 480	21 120	105 600		105 600
	Trykkledning materør	66	LM	280	18 480	4 620	23 100		23 100
	Trykkledning tur- og retur	30	LM	600	18 000	4 500	22 500		22 500
	Inspeksjonskummer	2	stk	4 000	8 000	2 000	10 000		10 000
	Tetthetsprøving med luft	1	RS	10 000	10 000	2 500	12 500		12 500
	Kabelrør	37	LM	100	3 700	925	4 625		4 625
	Glykolfylling	20	M3	6 500	130 000	32 500	162 500		162 500
<b>1</b>	<b>SUM Banerør for undervarme</b>				<b>1 002 420</b>	<b>250 605</b>	<b>1 253 025</b>		<b>0 1 253 025</b>
<b>2</b>	<b>FUNDAMENT FOR GASSTANKER</b>	<b>1</b>	<b>RS</b>	<b>80 000</b>	<b>80 000</b>	<b>20 000</b>	<b>100 000</b>		<b>100 000</b>
<b>3</b>	<b>FUNDAMENT FOR VARMESENTRAL</b>	<b>1</b>	<b>RS</b>	<b>60 000</b>	<b>60 000</b>	<b>15 000</b>	<b>75 000</b>		<b>75 000</b>
<b>4</b>	<b>FYRHUS/VARMESENTRAL</b>	<b>1</b>	<b>RS</b>	<b>1 200 000</b>	<b>1 200 000</b>	<b>300 000</b>	<b>1 500 000</b>		<b>1 500 000</b>
<b>5</b>	<b>Uforutsett ca 5%</b>	<b>1</b>	<b>RS</b>	<b>117 580</b>	<b>117 580</b>	<b>29 395</b>	<b>146 975</b>		<b>146 975</b>
<b>6</b>	<b>Rigg og drift av byggeplass ca 4%</b>	<b>1</b>		<b>100 000</b>	<b>100 000</b>	<b>25 000</b>	<b>125 000</b>		<b>125 000</b>
<b>7</b>	<b>Adm og byggeledelse ca 4%</b>	<b>1</b>		<b>100 000</b>	<b>100 000</b>	<b>25 000</b>	<b>125 000</b>		<b>125 000</b>
	<b>Sum kunstgressbane undervarme</b>				<b>2 660 000</b>	<b>665 000</b>	<b>3 325 000</b>		<b>0 3 325 000</b>
	<b>TOTALT</b>	<b>Mengde</b>	<b>Enhet</b>	<b>Pris</b>	<b>Sum</b>	<b>Mva</b>	<b>Totalt</b>	<b>Dugnad</b>	<b>Totalt</b>
	<b>SUM Berettigede kostnader - Kunstgressbane</b>						<b>7 237 500</b>	<b>40 000</b>	<b>7 277 500</b>
	<b>SUM Ikke berettigede kostnader - undervarme</b>						<b>3 325 000</b>		<b>0 3 325 000</b>
	<b>SUM TOTALPROSJEKT</b>						<b>10 562 500</b>	<b>40 000</b>	<b>10 602 500</b>
<b>NR.</b>	<b>FINANSIERING</b>	<b>Sum</b>							
1	Søknadssum	<b>2 426 000</b>							
2	Kommunalt tilskudd	<b>2 000 000</b>							
3	Øyrevoll/Hosle IL - EK	<b>3 636 500</b>							
4	Øyrevoll/Hosle IL - Lån	<b>2 500 000</b>							
5	Dugnad	<b>40 000</b>							
	<b>Total finansiering</b>	<b>10 602 500</b>							





## **SAKSFRAMLEGG**

### **Eigedomsavgift feiing og tilsyn av fyringsanlegg 2019**

<b>Utval sak</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
<b>92/18</b>	<b>Formannskapet</b>	<b>19.12.2018</b>
	<b>Kommunestyret</b>	<b>19.12.2018</b>

#### **Vedlegg:**

#### **Bakgrunn:**

Fitjar har ein samarbeidsavtale med Stord kommune om feiing og tilsyn frå 2013, gjeldande frå 2014.

Stord kommune har fremja krav om auke på 53 % for feiing og tilsyn frå 2019, utan at tenesteomfanget er vesentleg endra. Dersom kravet vert etterkomme, vil abonnentar i Fitjar få ein auke på om lag 220,- (inkl. mva.). Det har vore kommunikasjon og møte mellom kommunane om fastsetting av gebyrsatsane, men ein har ikkje kome fram til noko felles løysing. Fitjar kommune held seg då til gjeldande avtale. Avtalen opnar for revisjon annakvart år, og slik ikkje for revisjon av avtalen i 2018, og Fitjar står på at denne skal justerast med kommunal deflator (2,8 %) for 2019.

Krava frå Stord vil etter all sannsyn bli fremja ved revisjon av avtalen neste haust. Intensjonen bak samarbeidsavtalen om nokolunde likt nivå på denne avgifta i dei to kommunane, vil då ikkje lenger vera gjeldande.

Rådmannen ser difor behov for å utgreie alternativ til dagens avtale. Ein lyt undersøkje mogleg samarbeid med andre nabokommunar. I tillegg lyt ein vurdere korleis samarbeidet skal organiserast.

#### **Vurdering:**

Rådmannen vil i løpet av våren 2019 utgreie alternativ til dagens samarbeidsavtale.

#### **Framlegg til vedtak:**

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:  
Gebyr for gjennomføring av lovbestemt feiing og tilsyn med fyringsanlegg vert auka med 15,- til 544,- (680,- inkl. mva.) gjeldande frå 1. januar 2019.

Olaug Haugen  
Rådmann

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*